

Dato : 27.04.2018
Vår ref. : 18/7632

Saksbeh. : Eldri Siem
Telefon : 61216192
E-post : post@nord-fron.kommune.no

Det Kongelige Landbruks-og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E - post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168

Høyring - Forslag til endringer i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Nord-Fron kommune syner til høyringsbrev frå LMD dagsett 23.mars 2018 jf. forslag til endringer i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot (PT).

Høyringa omfattar PT-forskrifta sine vilkår til beitetilskot frå og med beitesesongen 2018 og forslag til endringer i §§ 3 og 9. Departementet sender ut to ulike modellar på høyring.

Nord-Fron kommune støttar høyringsnotat sitt alternativ 1 dvs. vidareføre vilkår for beitetilskot slik dei er beskrive i gjeldande rett. Kommunen ser det som svært viktig å gje økonomiske verkemiddel til å styrke og leggje til rette for beitebruken både av innmarksareal og utmark. Både bygdenære beiter (inn- og utmark) og beitemark i fjellet er svært viktig med tanke på grovfôrgrunnlag, dyrevelferd og kulturlandskapet. Her er store, verdifulle utmarksareal som er viktig at beitedyra held i hevd.

Som mange andre kommunar har Nord-Fron ein del jordbruksareal i fjellet og det er viktig at desse areala blir hausta enten i form av slått eller beite. Jordbruksarealet i fjellet er hovudsakleg fulldyrka mark eller innmarksbeite.

Kommunen forstår utfordringane i høve til *blanda beite* – tilfelle der beitedyra kan gå fritt mellom innmark og utmark, og særskilt etter at gjerdekravet for areal- og kulturlandskapstilskot (AK) for innmarksbeite vart fjerna.

I våre område er hovudtrekk i beitebruken at dyra nyttar inngjerda innmarksbeite/dyrka mark vår og haust og utmarksbeite om sommaren. *Blanda beite* kan gå føre seg i samband med mjølkeproduksjon på setrer, men som oftast er kyrne går på utmarksbeite om dagen og på inngjerda beite om natta. Forvaltningsmessig ser ein ikkje dette som noko utfordring i våre område.

Med helsing

Eldri Siem
jordbrukssjef

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.Vedlegg:



